

## Om orda på lista 2018 (nn)

### ***skjebnelandsmøte***

Mot slutten av september i år avgjorde Kristeleg Folkeparti at dei skulle halde ekstraordinært landsmøte for å ta stilling til om partiet skulle forhandle om å gå i regjering, og kva for eit regjeringsalternativ dei i så fall skulle satse på. Sidan så mykje sto på spel, både for partiet, partileiaren og den vidare styringa av Noreg, vart ordet *skjebnelandsmøte* raskt teke i bruk og dominerte det offentlege ordskiftet fram til landsmøtet. Førleddet *skjebne-* signaliserer at noko er svært viktig. Døme på andre samansetningar med *skjebne-* er *skjebnedag*, *skjebnetime* og *skjebnesvanger*. Det finst spreidde døme på at *skjebnelandsmøte* har vore brukt også tidlegare, men det var først med KrF-landsmøtet 2. november ordet vart nærmast allemannseige. Det viser på ein tydeleg måte kor viktig denne hendinga var for norsk politikk. Når historia om det politiske Noreg 2018 skal skrivast, vil truleg *skjebnelandsmøte* stå sentralt i forteljninga.

### ***grottegut***

Mange hugsar dei dramatiske dagane i sommar då tolv unge gutar frå eit lokalt fotballag og trenaren deira vart innesperra i ei grotte i Thailand. Hendinga gjorde sterkt inntrykk på folk og skapte engasjement verda over. I norske medium vart dei innesperra raskt kjende som *grottegutane*, og folk følgde spent med fram til dei vart berga ut av grotta på dramatisk vis etter 18 dagar. Ordet *grottegut* er treffande og fyndig, og med bokstavrimet fell det lett i munnen. Vi trur at folk i lang tid framover kjem til å hugse omstenda rundt hendinga når dei les eller høyrer ordet *grottegut*.

### ***sosionomisere***

Verbet *sosionomisere* er avleidd av substantivet *sosionom*. Sosionomar blir frå tid til annan skulda for å vere for velviljuge og ettergeevande mot kriminelle. Det er særleg tilhengjarar av ein streng kriminalpolitikk som kjem med denne kritikken. *Sosionomisere* blir oftast brukt på ein polemisk måte for å ta avstand frå ein tendens til å unnskylde og bortforklare kriminelle handlingar, men ordet blir no også til ein viss grad brukt med positiv tyding. Ordet er ikkje heilt nytt, men det vart aktualisert og førte til stor debatt etter at statsministeren brukte det i ein spørjetime på Stortinget seint i fjor haust. Ordet har i ettertid vorte ganske mykje brukt. Det same gjeld det avleidd substantivet *sosionomisering*.

### ***plogging***

*Plogging* inneber ein kombinasjon av jogging og søppelplukking. *Plogging* slo gjennom i Sverige i 2016. I Noreg vart *plogging* ein treningstrend våren 2018, og både aktiviteten og ordet har overlevd gjennom året. Ordet seier noko viktig om samtida: Vi ønskjer å slå saman søppelhandtering og mosjon i eit samfunn der tid er mangelvare. *Plogging* kan symbolisere ein sunn og miljømedviten livsstil. Ord som *plogging* blir kalla teleskopord fordi dei er samansette av delar av andre ord, i dette tilfellet *plukking* og *jogging*. Teleskopord er ikkje så vanlege i norsk, og dei er oftast henta utanfrå.

### ***fattigdomslykke***

Ord kan fenge ved at dei inneheld ein tydingsmotsetnad. Samansetninga *fattigdomslykke* er eit slikt ord. Det inneheld dessutan ein motsetnad som er eigna til å provosere. Det er heilt nytt og vart først teke i bruk i ein magasinartikkel frå juni i år. Forfattaren, som ikkje er fattig, meinte at ein kan kjenne seg lykkeleg sjølv om ein er fattig, særleg i eit rikt land som Noreg. Debatten i etterkant var heftig fordi mange meinte eit slikt syn kan bagatellisere problema som følgjer av å vere fattig. Ordet *fattigdomslykke* er eit konsentrat av meiningar som er eigna til å auke temperaturen i samfunnsdebatten.

**matreddar**

Spørsmål om miljøproblem og berekraft har vore sentrale i samfunnsdebatten også i 2018. Ein *matreddar* er ein person som helst ikkje vil kaste mat, og som derfor er nøye med matinnkjøpa slik at det skal bli minst mogleg til overs. Som plogging kan matredding vere symbol på ein livsstil, og fleire har begynt å omtale seg sjølve som matreddarar for å inspirere andre til å bli meir medvitne om problemet med matsvinn. Det finst appar, bloggar og sider på sosiale medium som rettleier folk som vil bli matreddarar. Ordet vart brukt sporadisk i norsk også i fjor, men bruken har auka kraftig i 2018.

**videoassistert dømming**

2018 var året då *videoassistert dømming* fekk stort gjennomslag i fotballen og sportsjournalistikken. Uttrykket viser til det at dommaravgjerder kan takast eller gjerast om undervegs i kampen på grunnlag av videoopptak. Teknologien bak systemet blir gjerne kalla VAR (kortform for engelsk *Video Assisted Referee*), så ordet *VAR-dømming* er også i bruk, men det ser ut til å bli utkonkurrert av *videoassistert dømming*. Systemet vart for alvor introdusert under fotball-VM i Russland i sommar, og i den øvste ligaen i England har dei bestemt seg for å innføre systemet frå og med neste sesong. Det er såleis grunn til å tru at vi kjem til å høyre mykje om *videoassistert dømming* også i framtida.

**slitartillegg**

I dei sentrale lønsforhandlingane våren 2018 vart det semje om å gje eit årleg lønstillegg som ei overgangsordning for grupper av arbeidstakarar som blir råka av at AFP-ordninga forsvinn, og som ikkje klarer å arbeide fram til dei er 67. *Slitartillegg* er eit lettfatteleg og uttrykksfullt ord. Det vart opphavleg brukt av fagrørsla, men ser ut til å ha etablert seg som ei alminneleg brukt nemning på tillegget.

**påverkar**

Ordet *påverkar* har lenge vore i bruk generelt om aktørar med påverkingskraft. *Påverkar* er det norske motstykket til det engelske *influencer*, som også er mykje brukt i norsk, særleg om folk som påverkar unge forbrukarar gjennom sosiale medium eller eigen blogg. Bruken av det norske ordet har auka det siste året. *Påverkar* er ein god norsk avløyser til *influencer* og ser ut til å etablere seg som ein konkurrent til det engelske ordet.

**gladbobler**

Nato-øvinga Trident Juncture var den største militærøvinga i Noreg på mange tiår. Øvinga dominerte nyheitene store delar av hausten 2018, og meiningane var delte. Eit ord som dukka opp medan øvinga pågjekk, var *gladbobler*. Ein offiser frå Forsvaret oppmoda folk om å nyte synet av militærøvinga frå verandaen med *gladbobler* i glaset. *Bobler* i tydinga 'musserande vin' blir assosiert med fest og glade samkomer, og med førsteleddet *glad-* blir assosiasjonane ekstra festlege. Ordbruken førte til ein debatt der Forsvaret vart skulda for å framstille øvinga som uskuldig underhaldning. *Gladbobler* er eit kreativt ord som har fått ekstra mykje merksemd nettopp på grunn av den uvanlege samanhengen det oppstod i.

Andre viktige ord og uttrykk som ikkje nådde opp på lista, er *helsesjukepleiar*, *migrantkaravane* og *ufrivillig sølibat*.